

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-
B10, TI-&13
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 20.10.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
070/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.11.2021
138/21	Alver kommunestyre	25.11.2021

Framlegg til høyringsvar - forslag til ny opplæringslov og endringar i friskulelova

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune sender inn høyringsvar i samsvar med Rådmannen sitt framlegg.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.11.2021:

Handsaming:

Orientering til saka v/Solveig Beate Elvik-rådgjevar Oppvekst stab

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 070/21 Vedtak:

Uttale i OKK - 09.11.2021:

Alver kommune sender inn høyringsvar i samsvar med Rådmannen sitt framlegg.

Alver kommunestyre 25.11.2021:

Handsaming:

Innstilinga frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart samrøystes vedteke.

KO- 138/21 Vedtak:

Alver kommune sender inn høyringsvar i samsvar med Rådmannen sitt framlegg.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Bakgrunn

Alver kommune blei av Det kongelegge Kunnskapsdepartement i brev datert 26.08.2021 bedt om å bidra i høyring om forslag til ny opplæringslov og endringar i friskulelova.

Kunnskapdepartementets forslag til ny opplæringslov byggjer på opplæringsutvalets utgreiing NOU 2019:23 *Ny opplæringslov* og dei over 700 høyringsuttalar som kom inn til denne. I arbeidet med ny lov har forslag til tiltak blitt fulgt opp i Meld. St. 6 (2019-2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO*, Meld. St. 18 (2020-2021) *Oppleve, skape, dele. Kunst og kultur for, med og av barn og unge* samt Meld. St. 21 (2020-2021) *Fullføringsreformen – med opne dører til verden og fremtiden*.

Svarfrist på høyringa er sett til 20.12.2021.

Grunnlag i saka:

Høyringsnotat frå KD:

[Microsoft Word - Høyringsnotat - Forslag til ny opplæringslov og endringer i friskoleloven - til pdf \(regjeringen.no\)](#)

Vedlegg til høyringsnotat: Forslag til ny opplæringslov

[Microsoft Word - Lovforslaget - ny opplæringslov og endringer i friskoleloven-til pdf \(regjeringen.no\)](#)

Barnekonvensjonen:

[Barnekonvensjonen nynorsk - regjeringen.no](#)

Gjeldande opplæringslov: [Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) - Lovdata](#)

Kommunelova: <https://lovdata.no/dokument/LTI/lov/2018-06-22-83>.

Opplæringsutvalget utredning: [NOU 2019: 23 \(regjeringen.no\)](#)

Saksopplysninger:

Framlegg til høyringsvar frå Alver kommune:

Det er gjort ei avgrensing utifrå dei lovforslaga som Kunnskapsdepartementet har framheva som viktige å få innspel på. Høyringssvaret inneheldt utvalgte lovforslag som Alver kommune har vurdert og kommentert.

Kapittel i lovforslag og grunnlag for vurdering	Framlegg til høyringsvar
<p>§ 4-8 Overgangen frå barnehage til skule</p> <p><i>Kommunen skal sørge for at barna får ein trygg og god overgang frå barnehagen til skolen og skolefritidsordninga.</i></p> <p>Departementet viser til at sørge – for – plikten innebærer at det framleis vil vere kommunen som har hovedansvaret for samarbeidet med barnehagen om overgang. Det er ikkje stilt krav om ein plan for denne overgangen, men sikre kravet jmf. Interkontroll etter kommunelova § 25-1, med nødvendig rutiner og prosedyrer.</p>	<p>Alver kommune vurderer at det er viktig å sikre overgang mellom skule, barnehage og SFO som ein del av skulen, og gjer si tilslutning til lovforslaget.</p>
<p>§10-1 Det beste for eleven</p> <p>Lovforslaget seier:</p> <p><i>I alle handlingar og avgjerder som vedkjem elevar, skal det takast grunnleggjande omsyn til kva som er best for kvar elev.</i></p> <p>Departementet forslag til bestemmelse innebærer at alle handlingar og avgjeringar som berører eleven, skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle handlingar og avgjerder som berører elevar – og må sjåast i samanheng med Grunnloven § 104 andre avsnitt og barnekonvensjonen artikkel 3 nr.</p>	<p>Alver kommune gjer si tilslutning til lovforslaget om ei generell føresegn om elevens beste. Alver kommune støtter departementet sitt framlegg som viser til behov for ein rettleiar for brukarane av lova.</p>

<p>1 om barnets beste. Dette prinsippet inneberer rettigheter og plikter.</p> <p>Departementet meiner det er behov for ein praktisk rettleiar om kva prinsippet om barnets beste betyr for vedtak og andre avgjerder etter opplæringslova.</p>	
<p>§10-2 Elevane sin rett til medverknad</p> <p>Det vert vist til § 104 i Grunnloven i høyringsnotatet, som viser til at barn har krav på respekt for menneskeverdet sitt, rett til å bli høyrte i spørsmål som vedkjem dei sjølv, og det skal leggjast vekt på meiningane deira både kollektivt og individuelt i samsvar med alder og utvikling.</p> <p>Det vert også vist til FN barnekonvensjon: rett til å bli høyrte (artikkel 12), rett til å ytre seg (artikkel 13) og rett til å organisere seg (artikkel 15).</p> <p><i>Lovforslaget: Elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølv etter denne lova. Elevane skal få tilstrekkeleg og tilpassa informasjon og har rett til å ytre meiningane sine fritt. Elevane skal bli høyrte, og det skal leggjast vekt på meiningane deira etter alder og modning.</i></p> <p>Dette forslaget skal sikre barns rett til å bli høyrte i alle saker – og det er i høyringsnotatet vist til dette er i samsvar med generell lovutvikling. Ved å ha ein lovbestemmelse om dette vil sikre at lovens brukarar sikrar elevane sin rett i medverknad i alle saker – og ein vil forhindre usikkerhet om retten er oppfylt.</p>	<p>Alver kommune gjer si tilslutning til dette lovforslaget, og vurderer at det er særleg viktig å få fram FN barnekonvensjon i saker som vedkjem barn.</p>
<p>§ 10-4 Skoledemokratiet</p> <p>§10 -5 Organisering av skuledemokratiet</p> <p>I lovforslaget står det: <i>Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at elevane og foreldre får vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til skolen, mellom anna arbeidet med skolemiljøet og kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjinga av skolereglar. Elevane skal ikkje delta i behandlinga av saker som er omfatta av lovfesta teieplikt. Skolen skal leggje til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg, og oppmuntre dei til å delta i skuledemokratiet. Skolen skal òg hjelpe elevane i arbeidet med skuledemokratiet.</i></p> <p>Departementet viser til i høyringsnotat at å opne for organisering av elevdemokratiet på</p>	<p>Alver kommune gjer si tilslutning til dette lovforslaget. Betydninga å ivareta og vidareutvikle demokratiske arbeidsformer har stor verdi, og Alver kommune gjer sin tilslutning til at det er ein lovfesta rett med val av elevråd.</p> <p>Det er særleg viktig at det også skal vere styrt av alle elevane sjølv og at det kan tilpassast lokale forhold både fysisk og med dei digitale løysingane som vert lagt fram. Dette kan opne for fleire løysingar som kan passe alle skular i ulike storleikar. Å legge drøfting av organisering av eige skuledemokrati til elevane vurderer Alver kommune som utelukkande positivt og verdifullt for elevane si læring.</p> <p>Alver kommune gjer si tilslutning til at det vil kome ei forskrift som regulerer innhald og oppgåver til brukerorgana, særleg med tanke på elevråd.</p>

<p>andre måtar enn det som tradisjonelt vert forbunden med elevråd. Departementet viser til at ny teknologi gjer det lettere å legge til rette for medverknad, og nevner digitale avstemningar, digitale debatter, skolekvitring, og rom for digitale ytringer. På mindre skular kan det vere rom for å erstatte elevråd med eit skulemøte eller liknande. Eit allmøte der skuleleiing og alle elevane deltek er også vist til som ein type organisering.</p>	
<p>§ 10-6 Elevane si plikt til å delta</p> <p><i>Elevane skal vere aktivt med i opplæringa og følgje skolereglane. Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at elevar med fråvær frå opplæringa blir følgde opp. Skolen kan påleggje elevane å gjere oppgåver utanom skoletida (lekser). Det må takast omsyn til at elevar har rett til kvile og fritid.</i></p> <p>Når det gjeld rett til kvile og fritid vert det vist til Barnekonvensjonen artikkel 31. Forslaget gjer ikkje skulen ei plikt til å gje lekser, men gir et klart rettsleg grunnlag for at den enkelte skolen kan gi lekser, basert på faglege og pedagogiske vurderingar. Kommunen og fylkeskommunen skal ikkje kunne bestemme om skulane skal gje lekser eller ikkje, ved å fatte vedtak om dette sentralt på generelt grunnlag.</p> <p>Kommunen skal vere ansvarleg for at retten til kvile og fritid vert ivaretatt. Kommunen kan fastsette rutinar som skal sikre at elevane får oppfylt sin rett til kvile og fritid, som ein del av sin internkontroll etter kommunelova § 25-1.</p>	<p>Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at elevar med fråvær frå opplæringa blir følgde opp. Alver kommune gjer si tilslutning til dette lovforslaget.</p> <p>Det kan i forarbeidet gje døme på kva myndigheit kommunen har etter Kommunelov § 2-1, som ansvarleg for grunnopplæringa.</p> <p>Alver kommune si vurdering knytt til å kunne pålegge heimeoppgåver ynskjer vi at det er kommunen som gjer ei avgjerd på kor vidt ein kan pålegge oppgåver heime, og ikkje den einskilde skule.</p>
<p>§ 11-1 Tilfredsstillande utbytte av opplæringa</p> <p>§ 11-4 Personleg assistanse</p> <p>§ 11-5 Fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel</p> <p>§11-6 Individuelt tilrettelagt opplæring</p> <p>Bakgrunn for endring frå omgrepet spesialundervisning til individuelt tilrettelagt opplæring er knytt til ei vurdering av at omgrepet ikkje gjer ein treffande beskriving av rettighetens innhald, samt at omgrepet gjer negative assosiasjonar. Departementet meiner det taler for ei endring og eit stort fleirtal av høyringsinstansane støtter det. Departementet understrekar samstundes i høyringsnotat at dagens spesialundervisnings hovudutfordring er</p>	<p>Ein har over lang tid arbeid med omgrepa tilpassa opplæring og spesialundervisning og Alver kommune støtter intensjonen med behov for endring. Samstundes opplever vi og vurderer at omgrepet tilfredsstillande byr på utfordring. Det bør kome tydelegare fram kva som er eit tilfredsstillande utbytte.</p> <p>Det er komplekst å skulle endre omgrep. Innhald i omgrep må leggast vekt på. Alver kommune støtter bruk av omgrepet universell opplæring, men ser behov for at det må kjem tydelegare fram at det er overordna del og LK 20 som er retning knytt til innhald og kvalitet i den universelle opplæringa. Å skilje rettigheter i 3 deler vurderer vi kan bidra til å definere kva som vil vere pedagogisk tilrettelegging.</p> <p>Alver kommune vurderer at omgrepet universell opplæring i størst grad støtter opp høvet ein har for å tilrettelegging fleksibelt i opplæringa på skulen. I det universelle læringsarbeidet lærarane skal</p>

<p>korleis den vert praktisert.</p> <p>I dette lovforslaget ber departementet om innspel omkring bruken omgrepa tilpassa versus universell opplæring.</p> <p><i>Lovforslaget: § 11-1 Tilfredsstillande utbytte av opplæringa</i></p> <p><i>Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at opplæringa er [tilpassa/universell], det vil seie at elevane skal få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa uavhengig av funksjonsnivå, og at alle skal få utnytta og utvikla evnene sine.</i></p> <p><i>Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at lærarane følgjer med på utviklinga til elevane og vurderer om dei har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.</i></p> <p><i>Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at lærarane melder frå til rektor dersom det er tvil om at ein elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Om det må til, skal skolen setje i verk eigna tiltak. Skolen skal vurdere om tiltaka er nok til å gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, eller om eleven kan trenge individuelt tilrettelagd opplæring.</i></p> <p>Departementet vil anbefale dele opp dagens spesialundervisning i separate rettigheter, ved å skilje mellom rett til individuelt tilrettelagt opplæring, rett til personleg assistanse og rett til fysisk tilrettelegging. Grunngeving er til dømes knytt til at dette kan bidra til eit klarere skilje mellom om kva som er opplæring i form av pedagogisk tilrettelegging og kva som ikkje er det. Det kan også medføre at det er lettare å oppfylle kompetansekrav for skulane, då andre personar kan tilsettast for å utføre oppgåver som handlar om personleg assistanse. For elevar som treng ein kombinasjon av ulike formar for tilrettelegging, må ein vurdere dei 3 formane i heilheit og samanheng.</p>	<p>handtere som profesjonsutøvere ligg det handlingsrom.</p> <p>Alver kommune vurderer at denne endringa vil medføre ei tydeleggjering knytt til at det er ei mindre gruppe elevar som skal ha behov for individuelt tilrettelagt opplæring.</p>
<p>§ 11-13 Pedagogisk -psykologisk teneste</p> <p><i>Kommunen og fylkeskommunen skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal samarbeide med og støtte skolane i arbeidet deira for å gi eit inkluderande opplæringstilbod til elevar som har ulike behov for tilrettelegging av opplæringa. Tenesta skal</i></p> <p><i>a) støtte og rettleie skolane i å greie ut behov for tilrettelegging av opplæringa og eventuelt setje inn</i></p>	<p>Alver kommune gjer si tilslutning til lovforslaget og vurderer at lovforslag gjenspeglar tiltak i Meld. St. 6. Alver kommune har PPT tett på skulane i arbeidet med førebygging og tilrettelegging av opplæringa og dei bidrar med sin kompetanse på eit tidleg tidspunkt med tanke på at færre vil ha behov for individuelt tilrettelagt opplæring, og hjelpe til med kompetanse- og organisasjonsutvikling.</p>

tiltak så tidleg som mogleg

b) hjelpe til med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å oppnå eit inkluderande og tilrettelagd opplæringstilbod.

Der lova eller forskrift til lova krev sakkunnig vurdering, er det den pedagogisk-psykologiske tenesta som skal utarbeide vurderinga.

Departementet peiker på at hensikt med lovforslaget er å behalde PPT som eit spesialistorgan – og at det vert forventa at skulen sjølv har ei brei og robust generalistkompetanse.

Skulen skal drive opplæring, tilrettelegging og førebygging, samt tidlig innsats mot heile elevmassen. Departementet peiker på at PPT si rolle vert å støtte og rettleie skulane der tenesta si spesialistkompetanse er relevant og eit naudsynt supplement til skulens eigen kompetanse, og kan støtte lærere både når det gjeld eit godt inkluderande tilbod før eventuelle utfordringar oppstår, eller i saker der det er knytt ei gryande bekymring rundt.

Departementet meiner at målsettinga med PPT sitt førebyggjande arbeid bør vere å gi råd på eit tidlig tidspunkt, slik at riktige tiltak og nødvendig tilrettelegging kan settes i gong som følgjande av manglande tilrettelegging.

Departementet mener at målet med PP-tjenestens forebyggjande arbeid bør vere å gi råd og veiledning til skolene før eventuelle større utfordringar oppstår, slik at riktige tiltak og nødvendig tilrettelegging kan iverksettes raskt. Dette vil bidra til å sikre at færrest mulig barn får behov for individuell tilrettelegging som følge av manglende tilpasningar. Det forutset eit heilhetlig blick for alle elevane og det fellesskapet elevane er ein del av. Departementet presiserer at det ikkje betyr at PPT skal ha ansvar for å støtte skulane i deiras førebyggjande arbeid for kvart enkelt born(èin for èin), og ei heller at PPT får ansvar for å støtte lærerens allemennpedaogiske kompetanse.

Målgruppa for PPT sitt førebyggjande arbeid vert retta mot både elevar som ikkje har – eller står i fare for å ikkje kunne få tilfredstillande utbytte av den ordinære opplæringa, og elevar med stort læringspotensiale som gjer at dei treng tilrettelegging. For å ivareta det førebyggjande perspektivet bør ikkje lovteksten kreve at elever allereie må ha eit behov for tilrettelegging før PPT skal komme inn og støtte skulane.

<p>§ 12 Skolemiljøet til elevane</p> <p>Gjeld § 12-4 § 12-5 og §12-6</p> <p>12-4 <i>Plikt til å sikre eit trygt og godt psykososialt skolemiljø (aktivitetsplikt)</i> Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på korleis elevane har det, og om mogleg gripe inn dersom nokon krenkjer ein elev med til dømes mobbing, vald, diskriminering eller trakassering. Alle som arbeider på skolen, skal melde frå til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Skolen skal snarast undersøkje saka. Rektor skal melde frå til kommunen og fylkeskommunen i alvorlege tilfelle. Når ein elev seier at ho eller han ikkje har det trygt og godt, skal skolen snarast undersøkje saka og rette opp situasjonen med eigna tiltak. Det same gjeld når ei undersøking som skolen sjølv har sett i gang, viser at ein elev ikkje har det trygt og godt. Tiltaka skal veljast på grunnlag av ei konkret og fagleg vurdering. Skolen skal lage ein skriftleg plan for tiltaka i ei sak. I planen skal det stå</p> <p>a) kva problem tiltaka skal løyse</p> <p>b) kva tiltak skolen har planlagt</p> <p>c) når tiltaka skal gjennomførast</p> <p>d) kven som skal gjennomføre tiltaka</p> <p>e) når tiltaka skal evaluerast</p> <p>Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte avsnitt, i den forma og det omfanget som er nødvendig.</p> <p><i>§ 12-5 Plikt til å melde frå dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev</i></p> <p>Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, krenkjer ein elev med til dømes mobbing, vald, diskriminering eller trakassering, skal vedkommande straks melde frå til rektor. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen. Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga ved skolen krenkjer ein elev med til dømes mobbing, vald, diskriminering eller trakassering, skal vedkommande melde frå til kommunen eller fylkeskommunen direkte.</p> <p>§ 12-6 Statsforvaltaren si handheving av</p>	<p>Alver kommune gjer si tilslutning til lovforslaga i § 12.</p> <p>Alver kommune gjer si tilslutning til lovforslag til Statsforvaltar si handheving j,f. § 12-6. I lovforslaget skal Statsforvalter som håndhevar avgjere om tiltaksplikta etter § 12-4 tredje avsnitt og plikta til å lage ein skriftleg plan etter § 12-4 fjerde avsnitt er oppfylt. Alver kommune vurderer at ved å gå inn i desse to delpliktene dreier fokuset seg mot eleven og kva løysingar som kan hjelpe og om plikta til å rette opp situasjonen med eigna tiltak er ivaretakande.</p> <p>Alver kommune meiner at ei slik tydeleggjering er med på å avklare rolla til Statsforvaltar som ein tilsynsførar knytt til rutinar og planar for å fylgje med og gripe inn, og at det ikkje gjeld enkeltstående saker. Rutinar og planer, samt det førebyggjande arbeidet er grunnlag for eit tilsyn, og då ikkje ei vurdering som vil hjelpe den aktuelle eleven framover.</p> <p>Alver kommune ser at ein felles mål på aktivitetsplan kan vere hensiktsmessig og vil støtte arbeidet knytt til utarbeiding av ein skriftleg plan.</p>
--	---

<p>aktivitetsplikta i enkeltsaker</p> <p>Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til statsforvaltaren etter at saka er teken opp med rektor. Statsforvaltaren skal avgjere om tiltaksplikta etter § 12-4 tredje avsnitt og plikta til å lage ein skriftleg plan etter § 12-4 fjerde avsnitt er oppfylt. Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller om det er under ei veke sidan ho vart teken opp, skal statsforvaltaren avvise saka, om det ikkje er særlege grunnar til å behandle ho. Det same gjeld dersom eleven ikkje lenger går på den aktuelle skolen. Kommunen, statsforvaltaren og skolen skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysningar som statsforvaltaren meiner må til for å greie ut saka. Kjem statsforvaltaren til at skolen ikkje har oppfylt tiltaksplikta etter § 12-4 tredje avsnitt, kan statsforvaltaren vedta kva skolen skal gjere for å oppfylle retten til eit trygt og godt skolemiljø. Statsforvaltaren skal setje ein frist for gjennomføringa av vedtaket og følgje opp saka. Statsforvaltaren kan vedta reaksjonar etter skolereglane, jf. § 10-7, eller vedta at ein elev skal byte skole, jf. § 13-2. Avgjerda til Statsforvaltaren er eit enkeltvedtak.</p>	
<p>Tilfeller der ansatte griper inn fysisk mot elever gjentatte ganger</p> <p>Punkt 31.6.7 i høyringsnotat</p> <p>Departementet ber om høyringsinstansenes innspel til om opplæringslova bør innehalde en heimel for at tilsette i skulen skal kunne bruke fysiske inngrep mot elevar når det er naudsynt for å hindre skade på personar eller vesentleg skade på eigedom.</p> <p>Departementet viser til i høyringsnotatet at ein ber om innspel på 2 ulike alternativer på reguleringer for tilfeller der ansatte grip inn fysisk mot elever gjentatte ganger.</p> <p>Alternativ 1 innebærer å lovfeste at det skal fattes eit vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring dersom det er grunn til å forvente at det vil oppstå gjentatte situasjonar der ansatte må gripe inn fysisk mot en elev.</p> <p>Alternativ 2 er å lovfeste at det skal utarbeidast ein aktivitetsplan med tiltak for å gje eleven eit trygt og godt skolemiljø. Ein slik aktivitetsplan kan forplikte skulen til å gjennomføre tiltak for at eleven skal trives sosialt og i opplæringa og kjenne</p>	<p>Alver kommune vurderer at det må komme tydeleg fram i lovtekst når det gjeld dei tilsette sitt handlingsrom i høve inngripen ovanfor elevane. Ein rettleiar kan vere hensiktsmessig som alternativ til at det vert ein lovheimel.</p> <p>Ein har erfart at det er behov for at dei tilsette sine høve til inngripen overfor elev på ulike måtar er tydelege og føreseielege.</p>

<p>seg så trygg i skulemiljøet at ein unngår at det oppstår situasjonar med fysiske inngrep frå tilsette.</p>	
<p>§ 26-1 Kulturskole</p> <p>Lovforslaget:</p> <p><i>Kommunen skal ha eit tilbod om kulturskole til barn og unge, organisert i tilknytning til skolen og kulturlivet elles. Kommunen kan samarbeide med andre kommunar om tilbodet. Kulturskolen skal ikkje godta krenkjande oppførsel som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Kulturskolen skal førebyggje tilfelle der elevane ikkje har eit trygt og godt skulemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen og læringa til elevane.</i></p> <p>Departementet har foreslått å behalde lovbestemmelsen om kulturskulen i opplæringslova. Departementet peikar på at samanhengen mellom kulturskulen og grunnskulen og den vidaregåande opplæringa er viktig lokalt. Det er eit mål at alle born og unge som ynskjer det, skal få høve til å gå på kulturskulen og få eit relevant tilbod av god kvalitet.</p> <p>Departementet foreslår at kulturskulen skal ha den same nulltoleranse mot krenkingar som der er i skulen, SFO og på leksehjelp. For det andre foreslår departementet ei plikt for kulturskulen til å arbeide førebyggjande for å sikre born og unge i kulturskulen å ha eit trygt og godt læringsmiljø. Ein skal arbeide aktivt for at born og unge har det trygt og godt når dei deltek i kulturskulens sitt aktivitetar, og at det skape eit inkluderande fellesskap i kulturskulen.</p>	<p>Alver kommune gjer si tilslutning til lovforslaget.</p> <p>Alver kommune meiner at presisering knytt til skulemiljø for kulturskulane er ei viktig og etterlengta avklaring.</p> <p>Kunnskapsdepartementet, gjerne gjennom Norsk kulturskuleråd, bør legge til rette for kompetanseauke i kulturskulane knytt til praktiske konsekvensar av nye lovkrav.</p>